



FJELLNEDDVERKET

## Uttale frå årsmøtet i Fjellnettverket

Fjellnettverket er eit politisk nettverk for fjellområda i Sør-Noreg. Vi representerer kommunar, fylke og interkommunale råd, og arbeider for å sikre levande og livskraftige fjellbygder.

Fjellområda dekker nærmare ein tredjedel av landet vårt og omfattar 103 kommunar med over 300 000 innbyggjarar.

Årsmøtet i Fjellnettverket meiner at det er heilt nødvendig for god beredskap å sikre busetting, god grunnberedskap og levande lokalsamfunn i heile landet.

### Offensiv distriktpolitikk for samfunnsberedskap

Det heilt nødvendig med tiltak for å sikre busetting i fjellområda. I framtida står fjellområda ovanfor store demografiutfordringar, og det er grunn til å vere uroa for korleis ein skal oppretthalde tenestetilbod, næringsliv og landbruk i fjellområda.

For å sikre god beredskap, trengst ein aktiv og meir offensiv politikk som tek utgangspunkt i fjellområda sine spesielle føresetnader og som opprettheld og aukar tilflyttinga til fjellområda.

### Matforsyning

Fjellandbruket er heilt sentralt for å oppretthalde matforsyninga i Noreg. Med ei målsetting om auka sjølvforsyning, er bruk av utmarksbeite og dyrka mark i fjellet heilt sentralt. Landbruket er ein viktig beredskapsressurs, både knytt til kunnskap om å produsere mat ut frå naturgitte føresetnader og med tilgang og kompetanse på teknisk utstyr, ved til dømes ras, brann eller krigsåtak. Å oppretthalde og sikre drift på små og mellomstore gardsbruk i fjellet er difor ein viktig del av beredskapen i landet vårt.

### Fritidsbustader og evakuering

Fjellkommunane er i stor grad vertskap for fritidsbustader. For kvar 1000 fjellinnbyggjar er det 500 fritidsbustader. I mange situasjonar kan det vere fornuftig at delar av innbyggjarane flyttar seg til meir spreiddbygde strøk. Erfaringa frå koronapandemien viste at svært mange såg på fritidsbustaden som eit beredskapsalternativ. Fritidsbustader bør sjåast på som ein ressurs i totalberedskapen, men det set krav til både ressursar i kommunane og eit godt førebudd og levande lokalsamfunn. Forslaget med beredskapsråd er bra, men i ein krisesituasjon er det essensielt å ha tilgang på kompetanse og personell.

Rådsmøtet i Fjellnettverket meiner det er viktig at det bur folk over heile landet. Det er difor behov for ein offensiv distriktpolitikk og at det blir sett gode rammevilkår for lokal beredskap. Slik kan vi sikre at fjellbygdene kan ivareta eigne innbyggjarar, fritidsinnbyggjarar og bidra til matsikkerheit i framtida.